



HELLEBAKKEN 45
5039 BERGEN
TELEFON: 55 39 29 50
FAKS: 55 39 29 59
E-POST: FIRMAPOST@BOF.NO
NETTSIDER: WWW.BOF.NO

Radøy kommune
Radøyvegen 1690,
5936 MANGER

Vår ref.: 01-3/16-LET

Dykkar ref.: 15/2143 – 15/15107

Dato: 14.01.2016

HØYRINGSUTTALE ANG. REVISJON AV KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG NÆRMILJØ I RADØY KOMMUNE 2016-26

Høyringsuttalen er i fyrste omgong ein administrativ uttale. Uttalen omfattar innspel til tema som er relevante for vårt arbeidsområde. Styret i Bergen og Omland Friluftsråd vil ta stilling til den administrative uttalen på neste styremøte, og eventuelle endringar vil straks verta oversendt.

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som har til oppgave å sikre, tilretteleggje, informere og stå for dagleg drift av bade- og friluftsområder i Bergensregionen. Rådet, som vart etablert i 1937, har totalt 17 medlemskommunar: Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Osterøy, Kvam, Radøy, Sund, Tysnes, Samnanger, Vaksdal og Øygarden. Rådet forvaltar nærare 230 friluftsområder med eit samla areal på over 36.000 dekar. Friluftsrådet vert leia av eit styre med representantar frå medlemskommunane.

Per no forvaltar BOF seks område på vegne av kommunen; 1) Byngja, 2) Skageneset, 3) Toska, 4) Uttoska, 5) Trettholmen, og 6) Solheimsvika. BOF har dessutan bistått kommunen vedr. fl. andre friluftsområde, både drift og tiltak, td. Nesvatnet på Manger og Snekkevika.

Innspela er jf. *Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø i Radøy kommune 2016-2026*, som er ute til revisjon med høyringsfrist 1. februar 2016.

Generelle innspel:

BOF opplever at padling m/ kajakk og kano er i vinden som aldri før. Fleire av våre medlemskommunar har satsa på tilretteleggingstiltak for slike aktivitetar med stort hell. Difor vil me oppfordre Radøy kommune til å nytte eksisterande stadar eller sikre nye stadar for utsetjing av kajakk/kano. Det kan gjelde stader som naturleg høver for slik utsetjing, eller utsetjing av flytebyggjer tilpassa kajakkbruk. Det same gjeld òg utsetjingsrampe for fritidsbåtar, som me får mange spørsmål om, som det diverre ikkje finst flust av rundt om i kommunane. Me ber kommunen ta omsyn til slike behov i sitt planarbeid.

Medlem i interkommunalt friluftsråd

For å styrkje friluftslivstilbodet til kommunens innbyggjarar, er Radøy kommune medlem i eit interkommunalt samarbeid. **Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)** er eit interkommunalt samarbeidsorgan som har til oppgave å sikre, tilrettelegge, informere og stå for dagleg drift av bade- og friluftsområder i Bergensregionen. Rådet, som vart etablert i 1937, har totalt 17 medlemskommunar: Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Osterøy, Kvam, Radøy, Sund, Tysnes, Samnanger, Vaksdal og Øygarden. Rådet forvaltar

nærare 230 friluftsområder med eit samla areal på over 36.000 dekar. Friluftsrådet vert leia av eit styre med representantar frå medlemskommunane.

BOF - friluftsområde

Alle 6 område i Radøy er heilt eller delvis statleg sikra. Kommunen er dessutan største eigar på Skageneset friluftsområde.

Dømer på flotte friluftsområde i Radøy:

Friluftsområdet **Skageneset** er eit fantastisk, regionalt turområde med turstigar ut til BOFs kystledhus, som er eit nedlagd småbruk med kai, naust, uthus og våningshus. Ytst på neset er det ein grunn sandpoll med sandbotn som høver godt til bading. Tilkomsstvegen over land går på stig langs Byrkjelandsvågen, eller på gamal gongveg frå Manger (om lag 45 minuttars gongtid). Våningshuset kan leigast etter avtale med BOF. Robåt og dobbelkajakk er òg tilgjengeleg i naustet v/ leige av huset, slik at ein kan fiske eller berre vere ute på sjøen. Området er godt tilrettelagt med bord/benkar, grillstad, kai, parkeringsplass i Byrkjelandsvågen (BOF disponerar éin parkeringsplass) eller parkeringsplass i Manger, toalett og turstigar/–vegar ut til Skageneset. Området kan tilby fleire gode teltplassar, både for besøkjande frå landvegen og sjøvegen. BOF anbefalar området for helgeturar. I 2016 vert det søkt om spelemidlar (BOF) for opprusting av heile anlegget på Skageneset, både turstigane ut til området (Skagenesets venner), samt rehabilitering av sjølve våningshuset og fleirbruksflatene rundt. Det er òg planlagt oppsetjing av eit grindverksbygg.

I krigsåra spelte Skageneset ei viktig rolle for motstandsryrsla. Ei enkje med tre born budde her då. Ein lokal kontakt for heimefronten fekk overtala enkja til å vera med å gøyma flykningar som skulle vidare over Nordsjøen. I alt 105 personar var innom dørene i desse åra. På det meste budde det 13 flykningar i huset på same tid. Folket på garden sytte òg for å hente og frakte flykningane i robåt.



Bilte: Skageneset. Oversikt over uthuset og våningshuset.

Byngja er eit flott bade-, fiske- og turområde v/ Byngjevågen med gammalt beiteland, knausar og lyngmark. Det ligg eit vatn på området. Det finst badepoll og sandbotn. Fin tilrettelegging med bord/benk, gongveg frå parkeringsplass og ned i området, parkeringsplass for 23 bilar og toalett. Bærplukking er òg populært her. **Solheimsvika** er ein lokal badeplass med badevik og sandfjøre. Den er tilrettelagd med badebrygge, bord/benk, parkeringsplass, toalett og turveg inn i området. **Toska** og **Uttoska** er to romslege område med flott lyngheilandskap. Områda er eigna for bading, fiske og fotturar. Dei er tilrettelagt med infotavle og parkeringsplass v/ Toska, samt turstig ut i områda. Uttoskevågen er ei flott uthamn m/ idylliske buktar og svaberg. I vågen er det gode stadar å ankre opp, her ligg det òg ei svaibøye til fortøying. Det går dyr på beite i friluftsområde, så vis omsyn. **Trettholmen** er ein lokal badeplass med flotte badeviker og svaberg. Den er godt eigna for bading og fiske. Det er høve til parkering v/ ein liten rasteplass i nærleiken.

BOF – forslag til sikring av nye område i kommunen og styrking av eksisterande

BOF arbeidar aktivt for å sikre nye, gode potensielle friluftsområde, samt å styrke innhaldet i eksisterande område. Totalpakka skal gje kommunens innbyggjarar i alle aldersgrupper eit godt og variert tilbod for å utøve friluftsliv. Sikringsprosessar er gjerne tunge prosessar som krev mykje tidsbruk og ressursar for å klare å oppnå gode resultat, som alle partar er nøgd med. I den samanheng ynskjer BOF å oppfordre Radøy kommune til å arbeide enno meir aktivt i slike prosessar i godt og nært samarbeid med BOF. Me ynskjer å føreslår nokre stader i kommunen, der eit slikt arbeid kan tiltakast i styrke:

Snekkevika er ei barnevenleg badevik m/ tilhøyrande skogområde lokalisert mellom Haugstad og Nesbø (Rv. 565). Eigedomen er privateigd (95/5). Kommunen har allereie oppført eit toalett i området, som bærer preg av manglande vedlikehald. Det skal òg vere parkeringsmoglegheit tilknytta området, men den er omtrent 500 m unna. Området treng ytterleg utvikling og forvaltning.



Bilete: Oversiktsbilete over Snekkevika mellom Haugstad og Nesbø, som vere eit potensielt område for sikring i framtida.

Mangersøy m/ Mangersholmane ligg like nord for det eksisterande området, Trettholmen. Eigedom (46/13) er i dag privateigd. Det kan vere eit godt supplement til Trettholmen, spesielt med tanke på at det rett over vegen fins parkeringsplass tilknytta ei småbåthamn, som ein kan kople seg på. Der skal det òg vere eit toalett, som moglegens allereie i dag er ope for ålmenta. Eit eventuelt friområde treng å verta bandlagt i ein reguleringsplan for området.

Nesvatnet, Manger er eit kommunalt sikra område (45/127), som har behov for vidare utvikling, som td. handikaprampe og –toalett. Toalettet kan byggjast i eksisterande pumpestasjon, som skal renoverast i nær framtid. Det er òg behov for stupebrett. Området bør utvidast til å gjelde eigedom 45/1, som er eigd av Opplysningsvesenets fond, samt dei tilknytta øyane i Nesvatnet; Eriksholmen og Prestholmen. I tilknytning til dette friluftsområdet bør òg **Klesvika** vidareutviklast. Kommunen eig eigedom 45/127, som ligg like vest for friområdet v/ Nesvatnet. Her bør det sikrast vidare strandline til bruk for friluftslivsinteresser. Dette gjeld den private eigedom 45/49. I tillegg kan eigedom 45/383 (privat) sikrast for å sikre vegtilkomst ned i området, samt utvide baklandsareal.

Eksempel på vidare sikring i eksisterande område kan vere i **Solheimsvika**, kvar eigedom 77/1 (privateigd) splittar opp friluftsområdet sin eigedom 77/78 langs strandlina. Staten v/ Miljødirektoratet eig friluftsområdet som BOF forvaltar. På **Toska** manglar det eit sikringsareal mellom parkeringsplass og sjølve friluftsområdet, enten via eigedom 43/4 eller 6. Det manglar òg binding mellom friluftsområdet Toska og friluftsområdet **Uttoska** frå landsida, som går via den private eigedom 43/10. Vidare bør strandlina sikrast sør for Uttoska, ut på Risneset (privateigd 43/14). I sjølve Uttoskevågen bør òg Risholmen sikrast

(privateigd 43/7), som allereie i dag er mykje nytta til friluftslivsbruk. Sikring av nemnde område vil styrke allereie eksisterande BOF-friluftsområde i kommunen.

BOF håpar på vidare godt samarbeid med Radøy kommune på sikringsfronten. Me går gjerne i vidare dialog på dei konkrete døma me har oppgjeve over.

Kartlegging og verdsetting av friluftsområde, i samband med vidare sikringsarbeid i kommunen

I 2008 utarbeida Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommunen ein prosjektrapport «*Område for friluftsliv – Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland*». I Radøy kommune blei 19 område kartlagt og 14 av dei fekk status «svært viktig» (A-område) eller «viktig» (B-område) for friluftsliv (område der det ikkje bør skje inngrep eller utbygging, eller inngrep som forringar område som friluftsområde). I perioden 2014 – 2018 skal dette arbeidet reviderast. Dette arbeidet har òg eit ekstra fokus på nærfriluftsliv. Målet med kartlegginga er å få oversyn over og tydeleggjere areala til friluftsliv i kommunen og få verdisett og prioritert areala til friluftsliv i kommunen - og gjennom dette sikre god tilgang på relevant friluftslivsinformasjon i kommunen og for eksterne partar. Døme på dette kan vere å sikre eit godt grunnlag for å utarbeide ein stig- og løypeplan for kommunen/regionen. Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde er forankra i *Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014- 2020)*, *Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020)*, *Regional plan for folkehelse (2014-2025)* og i høyringsforslag til *Regional kulturplan (2015-25)*. Arbeidet vil verta utført i tråd med den statlege rettleiaren M98-2013 frå Miljødirektoratet. Det vert presisert at arbeidet er eit temakart, og ikkje ein plan. Frå 2018 vil det vere eit krav frå Klima- og miljødepartementet (KLD) om å ha gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftsområde, for å kunne søke om statleg medverknad til sikring av friluftsområde. I 2015 blei Radøy tildelt midlar for å starte opp dette arbeidet, som vert utført gjennom ei arbeidsgruppe og bistand frå BOF (prosjektleiartstilling) og fylkeskommunen.

Tabell 1: Oversikt over moglege spelemiddelsøknadar frå BOF vedr. nærmiljøanlegg i perioden 2016 – 2026 (våningshuset på Skageneset vert eit ordinært anlegg).

Tilretteleggingsforslaga gjev berre ein indikasjon over kva tiltak BOF kan sjå for seg vil verta utført dei neste 10 åra

Kommune	Friluftsområde	Tilretteleggingsforslag, stikkordsform
Radøy	Skageneset	Fleirbruksflate, omleggjing og utbetring av stigar inn i området, skog- og vegetasjonsrensk
Radøy	Skageneset	Opprette grindverksbygg
Radøy	Skageneset	Rehabilitering av våningshus
Radøy	Skageneset	I samarbeid med Skagenesets venner; oppgradering av turstigar til Skageneset friluftsområde
Radøy	Toska	Bord/benkar, grillstad, utvide parkeringsplass

Med venleg helsing
Bergen og Omland Friluftsråd

Åge A. Landro
Administrativ leiar

Oddmund Dingen
Driftssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.